



Alf Thorbjørn og Else Marit Berg
Postboks 53
5902 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2348 - 16/17784

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
23.06.2016

Varsel om pålegg om fjerning av vegetasjon langs kommunal veg - gbnr 188/198 og 338 - Bruvegen 110

Lindås kommune ved Teknisk drift har motteke uromelding om dårlig sikt i vegkryss Bruvegen- Strandvegen og heilt fram til bruha mot bustadfeltet i Klubben. Lindås kommune ved vegdrift har vore på synfaring og vurdert forholda på staden. Under synfaringa registrerte kommunen at det ved Dykkar eigedom veks ei god del vegetasjon ut over vegareal og i siktsona til vegkrysset. Vegetasjon utgjer ei trafikkrisiko for dei som ferdast i og langs vegen. I samband med dette sender vi eit varsel om pålegg om fjerning av vegetasjon langs Dykkar grense mot kommunal veg og vegkryss. Dette varselet er heimla i følgjande regelverk:

Grannelove §12

Med heimel i grannelova § 12 gjev Lindås kommune med dette eit varsel om at vegetasjon som veks ut over vegens eigedomsområde og i siktsoner må fjernast innan 2 veker frå mottak av denne førehandsvarslinga. Dersom De som grunneigar ikkje utfører dette arbeidet innan fristen vil kommunen pålegge Dykk om å få fjerna av vegetasjon innan ei gitt frist. Dersom fjerning av vegetasjon ikkje er utført innan denne frista, vil kommunen få utført arbeidet med tungt maskinelt utstyr.

Etter veglove § 43 m/forskrifter

Etter veglova § 43 med forskrifter har eigar/brukar av avkjørsle/gangveg mot offentleg veg plikt til å halde denne rydda for vegetasjon. Forskrifta til §43 sier at frisiktfeltet skal ryddast i samsvar med dei, til ei kvar tid, gjeldande retningslinjer for dette. Innanfor frisiktfeltet må vegetasjonen ikkje vere høgaren enn 0,5m over vegplanet. Dersom vegetasjonen ikkje vert halde i forsvarleg stand, kan kommunen syte for at dette vert gjort for den ansvarlege sin kostand. Det vert med dette gitt førehandsvarsel om eit eventuelt vedtak om dette.

Veglova § 31

I dei høve Lindås kommune ikkje eig areal på 3m frå vegkant eller der det er naudsynt å føreta rydding utanfor eit belte på 3m frå vegkant (i kurver og vegkryss), kan Lindås kommune med heimel i Veglova § 31 påby eigaren å ta bort vegetasjon innanfor eit nærrare gitt område (jf. Veglova §29). Det blir med dette gitt førehandsvarsel om at eit slikt vedtak kan bli utført.

Reguleingsføresegn § 4 Felt B



På tomtene må det ikkje plantast tre som kan verka sjenerande for granne eller som kan hindra turvande oversyn i vegkryss. Det vert med dette gitt førehandsvarsel om at eit vedtak om fjerning av vegetasjon kan verte utført.

Lindås kommune anmoder Dykk om å få utført nødvendig fjerning av vegetasjon i vegkryss, eigen avkjørsl/gangveg og generelt langs grense mot veg. Vi ber om at dette vert utført innan ei frist på 2 veker frå mottak av dette varselet. Ved å fjerne vegetasjon langs eigedomsgrensa, vil De som grunneigar vere med på å betre trafikktryggleiken ved å redusere risikoen for påkjørslar.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Fagsjef veg

Mottakarar:

Alf Thorbjørn og Else Marit Berg

Postboks 53

5902

ISDALSTØ